



# Referat frå Fellesrådsmøte

*Innkalla: Turid Engen, Gunmar Grimstad, Bjørg Vartdal Hareide, Wenche Iren Roppen, Lars Sellereite, Kjersti Røyset Topphol, Hege Tretnes, Lidvar Arne Grimstad (1. vara), André Gjerde (2. vara), Leidulv Ø. Grimstad (sokneprest), Kristian Fuglseth (kommunal representant i fellesråd), Bente Andreassen Pilskog (kyrkjeverje, sekretær).*

*Tysdag 12. des. 2017  
kyrkjekontoret*

---

Opning ved Hege Tretnes.

## **FR 37/17 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 06. desember.

***Vedtak: Fellesrådet godkjenner innkalling og saksliste.***

## **FR 38/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte**

Møteprotokollen vart sendt ut pr. e-post 14. november.

***Vedtak: Fellesrådet godkjenner referatet frå førre møte.***

## **FR 39/17 Svar på høyring ang. ny lov for trus og livssynssamfunn**

Redaksjonsnemnda fekk ingen innvendingar på utkastet i høve svar på høyringa for ny lov for trus og livssynssamfunn. Men fekk eit innspel på eit tillegg, som følger:

«Forslaget seier ikkje noko om målform. Det må vere eit krav at alle kyrkje- og trussamfunn i landet nyttar den offisielle målforma i kommunen der medlemmane i t.d. soknet høyrer til - jamfør jamstillinga elles. Den norske kyrkja og andre trussamfunn må som eit minimum tilby alle medlemmer informasjon på både nynorsk og bokmål.»

Rådsleiar og kyrkjeverje går saman om å sende inn endeleg svar på høyringa via heimesida [www.regjeringen.no/257266](http://www.regjeringen.no/257266).

***Vedtak: Fellesrådet godkjenner forslag frå redaksjonsnemnda og tillegget i høve målform ang. ny lov for trus og livssynssamfunn, og ber redaksjonsnemnda sende inn svar på høyringa.***

## **FR 40/17 Forslag til møteplan for råda våren 2018**

Ingen innvendingar på møteplanen.

***Vedtak: Fellesrådet godkjenner forslag til møteplan for råda våren 2018***

## **FR 41/17 Val av leiar og nestleiar**

Det blei gjort eit skriftleg val av leiar og nestleiar, jf. vr. § 1.3. om at valet skal vere skriftleg. Både leiar og nestleiar blei gjenvalt.

***Vedtak: Fellesrådet godkjenner gjenval av leiar og nestleiar.***

Ref.

Bente Andreassen Pilskog

Kyrkjeverje